

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtetid: torsdag 12. november 2020, kl. 12.15

Nettmøte via Teams

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Lene M. Johannessen (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Marco Gargiulo (italiensk), Benedikte Mosby Irgens (japansk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Guowen Shang (kinesisk), Ingunn Lunde (russisk), Miguel Angel Quesada Pacheco (spansk), Birger Solheim (tysk).

Frå gruppe B: Johanne Kalsaas

Frå gruppe C: Gita Rongevær

Frå gruppe D: Robin Eriksen, Othilie Langholm, Clara Debus, Aleksander Tenvik Bergli, Oda Westad.

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla i staden for seg.

Sak 1 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – Godkjenning av referatet frå rådsmøtet 20. mai 2020

Det kom ingen merknader til referatet innan fristen.

Sjå <https://www.uib.no/fremmedsprak/22347/referat-frå-instituttrådet>

Sak 3 – Orienteringssaker

- A) Søkjartala på det nye 100-nivåtilbodet på fransk, spansk og tysk
- B) Status for utlysingar og tilsetjingar ved IF hausten 2020
- C) Utlysing av stipendiatstillingar ved IF framover

Sak 4 – Bemanningsplanen for vitskaplege stillingar ved fakultetet

Instituttleiar orienterer frå det utvida leiarmøtet ved fakultetet.

Sak 5 – Retningslinjer for masterrettleiing ved IF (sjå vedlegg)

På instituttseminaret på Solstrand i 2018 vart det arbeidd med å laga eigne retningslinjer for masterrettleiinga ved instituttet. Utkastet til retningslinjer vart drøfta i UUI seinare på året (sak 27/18), og er blitt justert etter drøftinga i dette møtet. Retningslinjene blir no lagde fram til endeleg godkjenning i instituttrådet.

Framlegg til vedtak: Instituttrådet godkjenner framlegget til retningslinjer for masterrettleiinga ved instituttet.

Sak 6 – Fagstrategiske planar

Ved AHKR har kvart fag utarbeidd ein eigen fagstrategisk plan der faget m.a. prioriterer kva for stillingar ein ønskjer seg dersom det vert ledige eller nye stillingar som kan lysast ut på faget. Praksisen ved AHKR er så å leggja fram desse planane til endeleg godkjenning i instituttrådet. Instituttleiar ønskjer at rådet drøftar om IF òg bør laga slike fagvise strategiske planar.

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef